



**For to år sidan heldt sokneprest Sven H. Nilsen preika si i ly av eit morelletre under den tradisjonelle gudstenesta på Skorpo. (sjå biletet)
Sundag er det ny gudsteneste på øya og så spør det om sokneprest Kristian Due kan gjera det same.**

Han har i alle høve den første gudstenesta si der, medan organist Reidar Algerøy har spela der mange gonger.

Hvis det blir dårleg
vær bir låven til familien Vågen nytta også denne gongen. Han eignar seg svært bra og har plass for mange.

Soknerådsleiar Møyfrid Kristoffersen minnar om at gudstenesta startar' klokka 13 - tidspunktet er endra frå klokka 11.

Etterpå er det som vanleg kyrkjekaffi.

Båtskyssen frå Sandakaien går klokka 12.15 og kostar 30 kroner for tur og retur.

(Foto: Ola Matti Mathisen)